



Erlend Drivenes har her ei solid leiing allereie i den fyrste motbakken i fjorårets Solfjelløp

Det er god plass til fleire i Solfjelløp nummer sju søndag melder Knut Johannes Ripel. I fjor var det med 69 i trimklassa og 24 i konkurranseklassa, men ein håpar på fleire i år. Innmeldinga kan skje til idrettslaget si heimeside i spalta til venstre på denne sida. Eit spennande løp vert det i alle høve og særleg spennande er det om Erlend Drivenes sjølv kan slå den knallsterke rekorden sin frå i for på 40.26. Då forbetra han seg med 49 sekunder samanlikna med debuten sin i dette løpet året før. Den 25 år gamle skiløparen frå Tørvikbygd tek deltakinga i vårt løp som ei treningsøkt saman med deltaking i andre motbakkeløp.

Påmelding kan også skje før start ved Haugland, men ein foretrekk at det skjer på nettet.

Motbakkeløpet er 5,3 kilometer langt frå 34 til 890 meter over havet. Trimklassa har start klokka 10 og der er det inga aldersbegrensing. Konkurranseklassa startar klokka 12 og der er det på 'Birkebeinermaner' påbode med ryggsekk på 2,5 kilo.

Ny løyperekord vert premiært i herre- og dameklassen og det er både treårspremie og femårspremie. Alle som kjem til topps får deltakarpremie som Kvinnherad Vekstbedrift har vore meister for.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen